

FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 2
FEBRUAR 2018
ÅRGANG 41





**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00
onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Lydersen, Fríðleif 471 76 743
frly@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Soknerádsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Aarbø, Gunnvald 916 86 123

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00
bakken.barnehage@haugnett.no



Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

Framsidedeilete:

Barnegospel 20 år.

Frå konserten med Fitjar Barnegospel.

Bjarte Leithaug og Thomas Sandvik.

Foto: Torbjørn Hovland



Truskap

- éinsidig, gjenstridig eller gjensidig?

I Salmenes bok finn vi mykje god og gamal visdom som vi kan lære veldig mykje av. I Salme 117 står det slik: Lovsyng Herren, alle folkeslag, pris han, alle ætter! For hans miskunn mot oss er stor. Herrens truskap varer evig. Halleluja!

Fríðleif Lydersen



Alle folkeslag og ætter blir oppmoda til å lovsyngja og prisa Herren. På den måten kan dei visa Herren si glede og takksemd for alt han gjer for dei. Vi har kanskje større grunn til å lovsyngja og prisa Herren i dette landet enn dei fleste folkeslag og ætter i verda. I Noreg er dei fleste særers privilegerte når det gjeld materialistiske godar, som mat, klede, bustad, bil etc. Dei fleste av oss har mykje å takka for. Men gjer vi det ofte nok og tydeleg nok?

Herrens miskunn er stor mot oss. Han er overberande og tolmodig med oss. Det er ikkje så sjeldan at vi gjer i mot hans vilje. Herren har store planar med oss og liva våre. Han ønskjer å bruke oss i teneste for seg og medmenneska våre.

Herrens truskap varer til alle tider. Vi svikter ikkje så sjeldan dei løfte vi har gjeve men det gjer ikkje han. Herren står ved kvart enkelt løfte han har gjeve. Ein rettfærdig Gud kan ikkje godta éinsidig truskap for skal det vere truskap må den vere gjensidig. Vi menneske er gjenstridige av natur. Vi gjer det vi trur er vårt eige beste men det er ikkje nødvendigvis Guds og nestens beste.



Frå kyrkjelydsprest til fungerande sokneprest

Denne våren har vore annleis for eg har gjort teneste både i Fitjar, Tysnes og delteke i konfirmantarbeide i Stord. Eg har gått frå å vere kyrkjelydsprest til å bli fungerande sokneprest i Fitjar sokn.

Friðleif Lydersen

I advents- og juletida skjedde det mykje i kyrkja. Alt byrja med ei flott lysmesse, sidan var det konsertar og gudstenester i hopetal, som vart toppa med juledagsgudstenesta.

Jubileumsåret 2017 var eit spennande og travelt år med mange høgdepunkt, men 2018 kjem til å bli eit normalt år med dei faste og vanlege tinga. Denne våren har det vore gjennomført flotte og vellykka LysVaken- og Tårnagenthelgar med god oppslutnad.

Endå en gong har vi fått feire påske. Vi fekk markere palmesøndagens jubel, skjærtorsdagens vemod, langfredagens sorg, og påskedagens glede. Påsketida er ikkje over sjølv

om sjølve påskehøgtida ligg bak oss, for i påsketida får vi tydeleggjort kva død og oppstode kan få bety for oss.

TenTreff har god oppslutnad blant ungdomane i bygda, så vi ønskjer å styrkja tilbodet endå meir framover. Vi byrjar samlingane med ei andakt og bøn sidan er det opa kiosk og sosialt samvær aktivitetar og spel.

Ein ny ting som har skjedd er at friviljuge i kyrkjelyden har starta opp ei internasjonal bibelgruppe. Eit godt og spennande tiltak som er til stor glede for dei som deltek og kyrkjelyden.

Eg har avslutta mi teneste som kyrkjelydsprest etter godt og vel 2 år, men er så heldig at eg er blitt fungerande sokneprest til ny sokneprest er på plass. Eg har hatt ei spennande og lærerik tid som kyrkjelydsprest, men det er spennande og kjekt å vere tilbake som sokneprest.



”Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 8. juni til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 20. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Friðleif Lydersen (red.)
- Olav J. Oma
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland

Trykk: Nils Sund Boktrykkeri AS

Fitjar Barnegospel 20 år



Hildegunn Aadland ønska det store publikummet velkommen til kyrkja for å høyra på 20 års-jubileums-konserten til Fitjar Barnegospel og det var verkeleg ein flott konsert me fekk oppleva laurdag 10. mars. Fantastisk flott å sjå og høyra dei mange borna syngja saman med ein svært inspirerende Bjarte Leithaug.

T: Tryve Eiken - F: Torbjørn Hovland

Fitjar Barnegospel vart starta våren 1998. Det var fleira som var med i starten, men etter eit par år vart Ingvild Brekke Myhre leiar av koret fram til 2011, men som ho seier, så hadde det vore ei umogeleg oppgåve for ei småbarnsmor å driva eit så stort arbeid utan trufaste medhjelparar. Mange har støtta opp om songøvinga og praktiske gjeremål på kvar øving. Frå 2011 og fram til nå er det Randi Eiken Brekke som er leiar av koret. I muskar gruppa er Dagfinn Brekke på gitar, Anders Sætre på bassgitar, Bjørnar Jakobsen på trommer og Elin Sørfohn på el. piano.

Bjarte Leithaug leia konserten. Han song og spela gitar. Saman med dirigenten fekk han koret til å opptre flott

og sikkert med variasjon i ord og tonar, samstundes som dei også gjorde synkroniserte bevegelser, det var tydeleg at dei hadde funne tonen. Fitjar Barnegospel song 10 singlar alle laga av Bjarte.

Det var singlar som; Ein fin dag i mars, Eg liker dine store ører, Petter Elvis, Vet du hvem? og særleg vart me imponert over den friske spanske songen Estoy feliz. Den viktigaste budskapet var songen om Jesus og at me må bry oss om kvarandre. Frimodige solistar stod fram den eine etter den andre og koret sprudla over av glede som «smitta» over på publikum.

Sokneprest Olav Oma tok ordet og takka for flott konsert og sa at me må verkeleg vera glade og stolte over å ha eit slikt kor. Det gir håp for framtida.

Hildegunn Aadland gav bukett til dirigenten og alle aktørane fekk kvar si rose.

Me gjev oss ende over kva dette koret har lært og alt det dei kan.

Konfirmantoversikt

Laurdag 12. mai kl. 11:00

Birk Vestvik
Siren Vik
Marius Torbjørnsen
Mads Mikal Skumsnes Drønen
Martha Olsen Brandvik
Sofie Rimmereid
Clara Wohlrab
Carina Kristiansen Turøy
Tobias Vestbøstad
Stig-Arne Vesterheim Stadheim
Alexandra Maraas
Wiktorija Jadwiga Magdzinska
Cecilie Marie Eilerås
Natalie Steien
Emma Helene Ahrens Helland

Laurdag 12. mai kl. 13:00

Kyrre Thomassen
Stine Eggøy Nilsen
Daniel Prestbø
Oddbjørn Tufteland Thomassen
Emilie Skram Isdahl
Svanhild Gjøen Vestbøstad
Ida Taranger Alvsvåg
Liv Hanna Jordan Raunholm
Karen Lizeth Hjelmén Grimen
Nathalie Michelle Tranøy Tislevoll

Håvard Fitjar
Eline Fitjar Hjelle
Knut Eivind Grimen
John Martin Engesund Pedersen
Kristina Skogheim Seddon
Sebastian Knapstad Bakke
Marion Træet

Søndag 13. mai kl. 11:00

Ole Cato Tufteland
Eirin Moldestad Oma
Oda Volden de Fine
Victoria Malene Maraas
Ingvild de Fine Olsen
Mailinn Helland
Ole Sørensen Dalsgård
Leon Bernes
Anders Bukkøy Langeland



Foto: Anne Hardeland



Kallet

Det er navnet ditt jeg roper,
vil du følge meg?
Vil du trå i mine fotspor
på en ukjent vei?
Vil du kjennes ved mitt navn,
vil du møte sorg og savn,
vil du hvile i min favn
og la meg bli hos deg?

Vil du ta det første skrittet,
vil du følge meg?
Vil du gå til mine minste
på en ukjent vei?
Vil du tåle onde blikk,
stå igjen når noen gikk?
Du skal gi dem alt du fikk,
for jeg vil bli hos deg.

Vil du åpne blindes øyne,
vil du følge meg,
se at fanger får sin frihet
på en ukjent vei?
Vil du stelle andres sår
i det skjulte, år for år,
kjenne gleden som du får
når jeg vil bli hos deg?

Vil du trosse angst og uro,
vil du følge meg,
ta imot deg selv med nåde
på en ukjent vei,
la de ord som jeg har sagt,
folde ut sin skapermakt
tross din tvil og selvforakt?
For jeg vil bli hos deg.

Når du kaller, må jeg lytte.
Jeg vil følge deg!
Jeg vil vende om og vandre
på en ukjent vei.
Dit du går, vil jeg gå med,
Herre, la din vilje skje,
for jeg vet at jeg skal se
mitt liv fullendt i deg.

T 1987 John Bell, 1987 Graham Maule
O 1999 Hans-Olav Mørk
M Skotsk folketone

Men så såg eg Jesus i ein draum

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Fulaniane i Mali har ein sterk muslimsk tradisjon, men mange vil gjerne lære meir om Jesus Kristus. Det vert drive evangeliserande og kyrkjebyggjande arbeid, og både radio, hefte og bøker vert tekne i bruk i formidlinga. Misjonærene jobbar ofte saman med lokale kristne. Frode Brugge Sætre, som er misjonær for NMS i Mali, deler ei fersk historie frå misjonmarka med oss:

Helga Rimmereid

Då Hamma var ung ønska faren at han skulle studera Koranen. Hamma vart sendt bort, til ein Koranlærer, der han var i sju år. I byrjinga var det tøft for ein liten gut. Han måtte tigga, dyrka jorda og jobba for læraren sin. Dersom han var ulydig vart han slått. Men etter kvart fekk han eit nærare forhold til koranlæraren sin. Hamma lærte å søkja Gud, han lærte om Muhammed sin veg til Gud, og han vart ein from mann. Etter 7 år hadde Hamma vore gjennom heile Koranen på arabisk, og han reiste heim att til faren sin. Då faren døde, vart Hamma i ung alder leiar i familien sin. I landsbyen har han ord på seg for å vera lærd. Av og til leier han bøna i moskeen.

For eit par år sidan fortalte ein motorsykkelmekanikar Hamma at ein mann hadde byrja å undervisa fulani ikkje langt frå der han bur. Han vart med på undervisninga, og oppdaga at det var undervisning over Moses sine bøker og Jesus sitt evangelium. Hamma møtte trufast opp, utan at han stolte heilt på det mannen fortalte. «Men så såg eg Jesus i ein draum. Han kom frå skyene og nærare og nærare, heilt ned til meg i landsbyen min.» Draumen gjorde noko med Hamma sitt forhold til undervisninga. Under Ramadan i år bad han intenst både sine muslimske bøner og kristne tidebøner. Han brukte store deler av kvelden og natta i bøn om at Gud måtte visa han den sanne vegen. Svaret på bøna vart ikkje det Hamma ønska: han fekk ein ny draum som viste

at Jesus er vegen til Gud. «Den første dagen skalv eg innvending», seier Hamma, «eg var ikkje glad i heile tatt.»

Etter dette har Hamma nytta mykje tid på å lesa evangeliet. Han samanliknar Jesus sitt liv og Muhammed sitt liv, og har vorte overtydd om at Jesus er vegen til Gud. No før jul tok han kontakt med misjonæren sin, for å få ein månads intensiv undervisning i evangeliet. For, som han seier, «når eg skal fortelja familien min og koranlæraren min at eg trur på Jesus, kjem alle til å venda seg mot meg. Det kjem til å bli veldig vanskeleg, så det er viktig at trua mi får djupe røter.»

Takk for at de er med å be for Hamma og den vanskelege tida som ligg framfor han.



Foto: Ingvald Andersen Frøyen





Ingvald Andersen Frøyen er rådgjevar i NMS og misjonær for NMS i Mali. Han besøkte Fitjar hausten 2016 i samband med årsmøtet for NMS som var her då. Ingvald er oppteken av at Vest-Afrika og Mali kjem langt bak i lekse når nyhende skal prioriterast og frontast her i Noreg, og han vil difor gje misjonsfolket i Noreg ei oppdatering og innføring i dagens situasjon i Mali. Han seier:

”Den nåværende krisen i Mali har vedvart siden starten på Libya-krigen i 2012. Krisen i Libya forplantet seg til Mali og på nyåret 2013 klarte opprørere fra Nord-Mali å komme seg helt sør til byen Konna i region Mopti før de ble stoppet av franske spesialstyrker som grep inn da de så at den maliske hær ble drevet på flukt.

Franskmennenes aksjon, Operation Serval, ble så etterfulgt av en resolusjon i FN sitt sikkerhetsråd i april 2013 som opprettet en fredsbevarende operasjon i Mali, forkortet MINUSMA. FN-operasjonen i Mali har blitt forlenget flere ganger, senest i juni 2017 ved Resolusjon 2364 i FN sitt sikkerhetsråd. FN-operasjonene har lidd store tap, både av materiell og personell, og bruker en stor del av sine ressurser på å beskytte seg selv. Oppgaven deres er primært å holde de stridende partene fra hverandre slik at det kan skapes fred gjennom forhandlinger.

I FN-resolusjonen fra juni 2017 sies det at «sikkerheten og stabiliteten i Mali er nøye forbundet med hele situasjonen i Sahel og Vest Afrika, samt den pågående situasjonen i Libya og Nord-Afrika». Krisen i Mali er med andre ord en transnasjonal krise, som omhandler internasjonal terrorisme, regional bandittvirksomhet og en utstrakt og lukrativ smuglervirksomhet med narkotika, våpen og mennesker. Det er med dette bakteppet at fem land

nå har gått sammen for å bekjempe terrorismen over landegrensene i alliansen G5.

Mer enn en lokal konflikt

Foruten at krisen i Mali har regionale ringvirkninger, så stadfester også FN-resolusjonen at den er en trussel for internasjonal fred og sikkerhet. Dette sier også Det kongelige norske utenriksdepartement i Melding til Stortinget (Meld.St.36 – 2016-17) som handler om veivalg i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk. Der sies det at «Ustabiliteten i beltet fra Sahel til Afrikas horn ventes å vedvare» og at «verdnessamfunnet må derfor være forberedt på at trusselen fra terrorisme og organisert kriminalitet vil vedvare i denne regionen.»

Kort fortalt betyr dette at Norsk UD ser på krisen i Mali og Vest-Afrika som noe mer enn en liten regional konflikt. Å sikre fred i Mali handler også om å sikre Europas yttergrenser. Å demme opp for flyktningestrømmen. Å bremse internasjonal terrorisme.

Religion politiseres

Et siste moment i den nåværende situasjonen er at det også utspiller seg en maktkamp i Mali mellom store aktører innenfor den muslimske og arabiske verden. Saudi Arabia og Qatar bruker store midler for å fremme sin form for islam, Wahabbia, mens interne krefter, støttet av Marokko, ønsker å ta vare på den tradisjonelle formen for islam i Mali som tilhører den Malekittiske og sufi-vennlige tradisjonen. Religionen har dermed gjort sitt inntog på den politiske arena på en mer markant måte enn før i malisk politikk. Våren 2018 er det

Misjonsprosjektet NMS Mali

Så langt dette kyrkjeåret har Fitjar kyrkjelyd samla inn kr 34.670,- til arbeidet i Mali. Neste kollekt til misjonsprosjektet vert 1. pinsedag.

Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonummer 8222 02 85057 og merka betalinga med Mali.

I fjor samla Fitjar kyrkjelyd inn kr 59.819,- til misjonsprosjektet.

Be for

- Hamma og den vanskelege situasjonen han står i
- Dei kristne i Mali
- Fred i Mali
- NMS sitt arbeid i Mali som har fokus på å gje menneske verdig liv og varig håp.

presidentvalg og mange er spent på hvordan det vil gå i dagens situasjon.

I dette landskapet skal vi som kristen misjon manøvrere, og man forstår fort at dette er komplisert. I forhold til lokale myndigheter. I forhold til sikkerhetsvurderinger for våre nasjonale medarbeidere og de kristne, og for våre misjonærer fra mange ulike land.

Mali er i en dyp krise, og trenger at alle gode venner ikke glemmer dem, men husker på dem og støtter dem gjennom de tunge dagene.”



Helga 10.-11. mars var ten treff Fitjar tur til Seljestad og Røldal. 14 ungdomar og 5 vaksne reiste tidleg laurdag morgon for å få med seg ein heil dag i Røldal Skisenter.

Håkon Rydland Sæbø

0700 er i tidligaste laget ein laurdag morgon, men ikkje når nypreppa bakkar og 5-10 cm med pudde ventar på deg oppe i fjellheimen. Veret vart etterkvart heilt fantastisk med lite vind, knallblå himmel og ei sol som varma når me sat og åt midt på dagen. Veret var framleis med oss når trekket stengte og alle som ein blei med på tur frå toppen av trekket, rundt Histeinsnuten og ned i Tjoamnet. Vel nede på Korlevoll Skistadion var Ellen Vestbøstad og Anne Marie Rød klare med taco og godis.

Ein skulle tru ein heil dag i slalåmbakken og lang tur over fjellet tok knekken på ungdomen, men den gang ei. Etter nokre timar med Melodi Grand Prix, Mafia og god musikk gjekk med ut for å ha kveldshopprenn i lysløypa. Hoppet me laga blei noko stort og me kan berre håpe at turfolk har augene med seg når dei set utfor den sistebakken før dei er nede på Korlevoll

skistadion dei neste dagane. Ole Andre Stokken drog det lengste strået og hoppa 9 meter. Håkon Rydland Sæbø var ein god nummer to med sonen Lars hakk i hel. Tobias Vestbøstad viste seg å vere ein framifrå speaker der bakkerekord og personleg rekord blei servert etterkvart som løparane oppnådde nye og betre resultat. Me har filma litt frå turen, og nokre snuttar er lagt ut på heimesida til TenTreff Fitjar.

Resten av kvelden og natta var det Mafiaen som tok seg av, eit kortspel der alle får sine roller og må gjere så godt dei kan for å overbevise om at nettopp dei er uskuldige og absolutt ikkje skal bli stemt ut. Søndagen tok me det roleg, gravde ei snøhole på snaue 7 meter med tre inngonger og akte ned nokre snøfonner på 15-20 m. Etter nokre timar ute i vind og noko snø trakk me inn i hus att. Her stod maten atter ein gong klar på bordet til svoltne og sletne deltakarar.

Fleire av deltakarane lurte på om dette var ein tradisjon. Me har vel funnet ut det det ikkje har vore ein tradisjon, men at det no er ein tradisjon for me reiser på skitur til Korlebu neste år og:)



Tårnagenthelg og påskefest



Helga etter påske var 30 tredjeklassingar innom kyrkja for å vera med å leita etter dei forsvunne kyrkjeskattane og delta på gudsteneste om søndagen. Astrid Prestbø leia, og hadde mange flinke medarbeidarar med seg. På laurdagen var til og med politiet innom for å fortelja om kor einestående fingeravtrykket ditt er. «Etter fleire hundre år med leiting har ein endå ikkje funne to like fingeravtrykk», vi kan konkludera med at vi er einestående godt skapte.

Olav J. Oma

Søndagen vart det flott påskefest der barnegospel tok del med flott song, i tillegg til tårnagentane si medverknad, til saman var vi 259 menneske i kyrkja. Etter gudstenesta spanderte soknerådet pizza på heile flokken. Mix'en leverte, og alle vart mette. Det var påskefest i kyrkja.



Hemmeleg gjest som fortalde om livet sitt, om søndagsskulen og om Jesus. Hint: Gjesten kjem frå ei øy lenger vest.





Gudsteneste i Dåfjorden



2. påskedag var det tradisjon tru gudsteneste i verkstadhallen ved Dåfjorden slipp. Harald Rydland, Silje Rydland, Hans Kobberstad og Sverre Fangel Brekke spelte til salmane.



Nokre av båtane ved slippet hos Steinar Andersen.

Foto: Torbjørn Hovland





Sundag 15. april tok kyrkjelyden avskjed med sokneprest Olav J. Oma, etter at han har halde over 500 gudstenester i Fitjar kyrkje dei siste 11 åra. Olav gjekk den 1. april inn i eit 3-årig vikariat som sokneprest i Stord.

Harald Rydland

Etter gudstenesta, der Olav som vanleg held ei framifrå preike, vart det servert gode kaker og kyrkjekaffi. Olav fekk mange varmande ord med seg frå kyrkjelyden, takksemd for det han har vore for folket i Fitjar, takksemd for at han og familien ikkje flyttar frå bygda og

lukkeønsker for tenesta som han no skal ta til med på Stord.

Som avskjedsgåve fekk han ein flott skulptur som er laga av fitjarkunstnar og nabo til prestegarden, Leif Hedman.

Foto: Jan Overweg



Min salme - Dine hender er fulle av blomar

Håkon Rydland Sæbø

Eg har mange salmer eg er glad i. Dei handlar mest om å søkje eller vere i eit kristent fellesskap, ha eit reint hjarte og vere velsigna i teneste for andre. Det er viktig for meg å vere til nytte rett og slett. Eg opplever det lettare å vere til nytte i ein kristen fellesskap enn i ein gudlaus fellesskap. Hjelper ikkje å ha veldig blå auger heller, kan du seie, sølv om eg og kan ta solbrillene på!

Av mange salmer synest eg påskesalmen «Dine hender er fulle av blomar» gjer meg noko. Første verset er no rett fram og fortel om meg som er på veg til grava med blomar. Det blir eit tydeleg bilete på at eg trur på Jesus og ville gått til grava med blomar for å heidra lærarmeistaren min. Andre verset seier at eg er så glad at eg syng fordi eg har sett at Jesus har stått opp. 1. påskedag seier me også ilag - Ja han er sanneleg oppstaden! i kor i kyrkja. Det er ikkje berre noko me snakkar om i forbifarten. Det held fram med at eg får forklart kvifor eg er så glad. Det er av eit reint hjarte eg kan sei at verda er blitt fylt med song! Jesus kom og tok syndene våre på seg. Når me veit kva leveregler me skal følga, og at me ikkje alltid klarar det, er det utrulig godt å kjenne at me blir tilgjevne om me ber om det.

Augo er vindauge inn i sjela blir det sagt. 3. verset seier at augo er fulle av glede. Kven har vel ikkje sett eit menneske som er glad i heile seg, der gleda kjem ut og tek deg med så du sjølv kjenner at det gjer godt. Hadde eg vore av dei som fekk oppleve at Jesus faktisk stod opp frå dei døde, vil eg tru augo mine og hadde flomma over av glede og undring.

Siste verset er eit felles vers der me er tilbake i notid, vekk frå draumen om at me opplevde Jesu oppstode. Eg synest det er siste verset som gjev livet meining og lys i kvardagen. Me må saman bruke augo for å sjå kva veg me bør gå på og me skal saman bruka nevane eller evnene våre for å tena til beste for fellesskapen. At me først har sunge litt kvinner og litt menn kvar for oss, og så syng siste verset ilag er med på å understreke kor viktig fellesskapen er for å få til det som står i teksten i siste verset. Som barn og ung vaksen var det godt å syngje denne sangen, berre fantastisk godt. Som litt eldre, ja eg har bikka 40, så

er det framleis flott. Men ein opplever sjølvstakt kristne som ikkje har same tilnærming til tru som ein sjølv, og då kan det vere vanskeleg å kjenne på at me har den same Gud, les i den same Bibelen og søkjer trøyst hjå den same Anden. Eg vel framleis å gje meg hen til den gode Gud som har gitt meg kristne fellesskap eg kan ta del i, sendt Jesus og sørga for at eg veit eg er velkomen den dagen eg kjem heim, og som trøystar og styrkjer med Anden når eg treng det.



Dine hender er fulle av blomar

*Dine hender er fulle av blomar.
Kven var det du tenkte å gje dei til?
Mine blomar var plukka til Jesus.
Grava fann eg tom. Han var ikkje der.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

*Dine lepper er fulle av songar.
Kvifor denne gleda, kvar kom ho frå?
Frå den grava der lekamen kvilte
- han stod opp, og verda blei fylt med song.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

*Dine augo er fulle av glede.
Sei, kva har dei sett for å få slik glans?
Dei har sett Herren Jesus! Han lever!
Han gir livet meining og lys kvar dag.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

*Nei, det trengst ingen blomar til grava!
Jesus, du stod opp og du bur blant oss!
Våre augo er til for å sjå deg.
Hendene er til for å tene deg.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

T og M: Marcello Giombini 1970
O: Lars Åke Lundberg, Anders Frostenson
1973/Svein Ellingsen 1976

FITJAR BEDEHUS

25.04.	18.00	Vårbasar - Fitjar bedehus
29.04.	17:00	Storsamling
02.05.		Kvinnemøte med fokus på India
10.05.		Vennestemne Øvrebygda bedehus
17.05.		17. mai-fest
20.05.	19.30	Søndagsmøte
27.05.	19.30	Søndagsmøte
03.06.	19.30	Søndagsmøte m/forbønnsstund
08.-10.06.		Sommarens storsamling/årsmøte i Ølen
17.06.	19.30	Søndagsmøte
24.06.	19.30	Søndagsmøte

Sjå òg www.fitjar-bedehus.no

Diakonitur for folk i alle aldrar

Diakonituren i år går til Sveio onsdag 30. mai.

Vi skal ha ei lita andaktsstund på turen, og vi skal eta godt saman.

Pris for turen er 700,-. Alle får giro.

Avreise frå «Teo» kl.10:00.

Vi tenkjer å vera heime att seinast kl.16:00.

Frist for påmelding er måndag 16. mai kl.15:00 til kundetorget i kommunen 53 45 85 00.

Diakoninemnda

Fasteaksjonen

Tysdag 20. mars blei Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gjennomført i Fitjar sokn. Konfirmantane i soknet gjekk med bøsse for å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda. Det kom inn kr 31.061,- Vi er godt nøgde med resultatet.



Kyrkjebladet treng medarbeidarar


Likar du å skriva eller fotografera? Då har kyrkjebladet bruk for deg. Ta kontakt med redaksjonen.

Gjevartenesta til kyrkjelydspresten

Som de sikkert kjenner til er det for tida endringar når det gjeld prestetenesta i Fitjar. Sokneprest Olav J. Oma startar i eit treårig vikariat som sokneprest i Stord den 1. april. Fridleif Lydersen vert fungerande sokneprest i Fitjar frå 1. april – 29. juli. Bispedømerådet lyser ut vikariatet som sokneprest i Fitjar i løpet av april med tilsetjing 15. juni.

Me vil setja pris på om gjevvarane held fram å gje til denne viktige tenesta i kyrkjelyden. Stillinga vert lyst ut saman med soknepresten si utlysing. Me håpar me får gode søkjarar, og legg i så fall opp til tilsetjing i juni. Ved å kombinera arbeidet som kyrkjelydsprest og trusoppplærar, meiner soknerådet å ha eit godt økonomisk fundament for å sikra stabilitet i tenesta.

Temakveldar i Fitjar kyrkje våren 2018



26.april kl. 19.30

"Skam, skuld og oppreising"
Unndis Bergås

arr.:
temakveldgruppa/Fitjar
Sokneråd



EL-PROFFEN

www.los-elektro.no
firmapost@los-elektro.no
53 42 21 00

GSE SANDVIK AS
55 60 18 20

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*

RYDLAND  

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09 www.rydland.as post@rydland.as



OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123

SJØTROLL

Sjøtroll Havbruk AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
919 11 800



Mobilnr:
975 02381

**PORT
STEINGARD**

Port Steingard AS
v/Johs Sandvik
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961



Fitjar
Bygdekvinne



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80
Internett: www.mestervindu.no



Din Catering leverandør

**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

joker
- Rydland 53 49 74 40



OPNINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): 10-13

*Fiks frisyren
hos oss!*

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget **53 49 78 90**
For timebestilling ring:



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Visningssenter
Mobilnr: 951 89950

Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Fitjar
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Syng med oss !

OSTERNES MANNSKOR



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalveid 27, 5419 Fitjar
Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Vågen's kro
og catering

48 04 19 09



REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI
SHIP DESIGN

Fitjarsjøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com

*Galleri
Flora as*



Opningstider:

Måndag - onsdag 09.00 - 16.30

Torsdag - fredag 09.00 - 18.00

Laurdag 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner



Slekters gang

Døypete:

18.03.

Zoe Alexandra Luba Olsen
Maren Løkling Halleraker

25.03.

Anton Hovstad Skumsnes

01.04.

Oline Vågen Grindheim
William Bru

22.04

Henry Haukeland

Jordfeste:

Olga Ingeborg Tufteland
f: 29.01.1930 d: 25.02.2018

Ragnhild Ivarsøy
f: 11.05.1937 d: 08.04.2018

Anne Kristin Tufteland Helland
f: 01.10.1954 d: 10.04.2018



Foto: Anne Hardeland



Gudstenesteliste

Tor.	26.04.		19:30	Temakveld, «Skam, skuld og oppreisning» med Unndis Bergås
Søn.	29.04.	5sip	11:00	Gudsteneste ved Jan Overweg og Fríðleif Lydersen takkoffer til Laget.
Søn.	06.05.	6sip	11:00	Gudsteneste med konfirmantane, Jan Overweg, Olav Johannes Oma og Fríðleif Lydersen, takkoffer til Kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid
Tor.	10.05.	Kr.h.fartsdag		Venestemne Øvrebygda Bedehus 11:00/13:00 Fríðleif Lydersen og Toralf Steinsland
Lau.	12.05.	Konf.	11:00	Jan Overweg, Olav Johannes Oma og Fríðleif Lydersen, takkoffer til Kirkens Nødhjelp/kyrkjelydsarbeidet
		Konf.	13:00	Jan Overweg, Olav Johannes Oma og Fríðleif Lydersen, takkoffer til Kirkens Nødhjelp/kyrkjelydsarbeidet
Søn.	13.05.	Konf.	11:00	Jan Overweg, Olav Johannes Oma og Fríðleif Lydersen, takkoffer til Kirkens Nødhjelp/kyrkjelydsarbeidet
Tor.	17.05.		11:00	Familiegudsteneste ved Fríðleif Lydersen
Søn.	20.05.	Pinsed.	11:00	Høgtidsgudsteneste ved Jan Overweg og Fríðleif Lydersen, takkoffer til NMS misjonsprosjektet
Mån.	21.05.	2. pinsed	12:00	Friluftsgudsteneste ved Kidnavatnet ved Fríðleif Lydersen
Søn.	27.05.	Treeinigs.	11:00	Gudsteneste ved Jan Overweg og vikarprest, takkoffer til Kirkens bymisjon
Søn.	03.06.	2 sit	11:00	Gudsteneste ved Jan Overweg og Fríðleif Lydersen, takkoffer til Kirkens SOS
Søn.	10.06.	3 sit	11:00	Gudsteneste ved Jan Overweg og Fríðleif Lydersen, takkoffer til Norea mediemisjon
Søn.	17.06.	4 sit	11:00	Strandamøte på Stranda bedehus ved Fríðleif Lydersen takkoffer til IMS
Søn.	24.06.	Jonsok	11:00	Gudsteneste ved Jan Overweg og vikarprest, takkoffer til Åpne dører
Søn.	01.07.	6 sit	11:00	Gudsteneste, ved Fríðleif Lydersen, takkoffer til Kyrkjelydsarbeid